



arkitektkontoret A38

Lærdal kommune
v/ Byggesak Stefan Karlstrøm
e-post : stefan.karlstrom@laerdal.kommune.no

Øyraplussen 7
6887 Lærdal

Vår ref.: A38/ LÆ 2408/ 20

Sogndal, den 19. mai 2026

**G/BNR 28/58, 29/59 OG 29/182 : LÆRDALSØYRI SKULE
LÆRDAL KOMMUNE
- ETTERSENDING, OPPFØLGING AV VILKÅR JF RAMMELØYVE**

Det vert vist til endringsløyve av 06.05.2026. Ettersendinga gjeld 3 vilkår i rammeløyve datert 10.11.2025 :

- 1 Samtykke og etterkontroll Arbeidstilsynet vedlagt.
- 2 Uttale frå Barnerepresentanten vedlagt.
- 3 «Flaumsonevurderingane og tiltaka må reviderast og tilpassast 200-års flaum med klimapåslag til søknad om igangsetjing.»

I rammesøknaden vart det lagt til grunn ei flaumsonevurdering tilpassa 200- års flaum utan klimapåslag.

Følgande er ei revidert vurdering basert på 200-års flaum med klimapåslag :

OK golv ca	kt + 3,75
200 års flaum	kt + 4,25
200 års flaum inkl klimapåslag år 2100	kt + 4,75
Sikkerheitsmargin	+ 0,30
Høgaste vass-stand 4,75 + 0,30	kt + 5,05

Dette betyr at vass-standen ved ein 200- års flaum med klimapåslag fram mot år 2100 kan stå 1,30 m over dagens golvnivå.

For å omsynsta flaumsonevurderinga er det lagt inn som forutsetnad at alle nye stenderveggar skal ha eit horisontalt spikerslag med h= 1,30 m over ok golv slik at isolasjon/ platekledning kan skiftast og veggen tørke opp.

Underfordeler-skap for el, dvs sjølve installasjon inne i skapet, skal etablerast med h= 1,30 m over ok golv.

Med vennleg helsing
arkitektkontoret A38
arkitektar MNAL

Rolf Sande
dir. telefon/e-post :

5762 7453, rolf.sande@a38.no

Knut Johan Aase
dir. telefon/e-post :

477 98 472, Knut.johan.aase@a38.no

Kopi u/ vedlegg : Prosjektleder Jonas Edshage, Lærdal kommune